

Tittelside:
Bjørn Egil Flø

Dansk økologisk landbruk

- samarbeid eller konflikt versus økologisk integritet

RAPPORT

Rapport nummer 5/02



Bygdeforskning

Stiftelsen norsk senter for bygdeforskning

Universitetssenteret Dragvoll
N-7491 TRONDHEIM

Telefon: 47 73 59 17 29
Telefax: 47 73 59 12 75

Rapportens tittel	Dato 22/2 2002
Dansk økologisk landbruk	ISSN-nr. 0802-8788
- samarbeid eller konflikt versus økologisk integritet	Antall sider og vedlegg 45
Forfatter(e)	Prosjektnr. 6108.00
Bjørn Egil Flø	Ansvarlig sign.

Oppdragsgiver Norges forskningsråd	Oppdragsgivers ref. 133851/110
---------------------------------------	-----------------------------------

Sammendrag

I høve til dei andre europeiske landa står Danmark i ein mellomposisjon. Her har det økologiske landbruket greidd å halde på og utvikle sin eigen sjølvstendige identitet samstundes som ein har utvikla samarbeidet med dei konvensjonelle landbruksorganisasjonane. Denne rapporten viser at den danske historia har vore full av konfliktstoff, men trass konfliktane har ein til forskjell frå mange andre europeiske land greidd å balansere på knivsodden mellom konflikt og samarbeid.

Stikkord(norsk og engelsk) Landbruk, Økologisk landbruk, Dansk landbruk, Organisasjonssamarbeid.

Forord

Denne rapporten er utarbeida på bakgrunn av eit feltarbeid i Danmark våren 2001. Formålet med feltarbeidet har vore å framskaffe kunnskap om forholdet mellom dei konvensjonelle og dei økologiske landbruksinteressene i Danmark. Dansk økologisk landbruk sin historie er på mange måtar unik i Europa, ingen andre land kan vise til den same utviklinga. Karakteristisk for Danmark er den gode balansen mellom produksjon, foredling, distribusjon og forbruk av økologiske varer. Kan me trekke lærdom av det danske caset her heime?

Rapporten inngår som ein delrapport i prosjektet "Harmoni på bekostning av økologi - en analyse av økodiskursens betydning for markedet", som Bygdeforskning utfører på oppdrag av Norges forskningsråd, område Bioproduksjon og foredling, program for marked og samfunn.

Bjørn Egil Flø

Innhold

Forord	5
Innhold	7
Innleiing	9
Framveksten av eit industrielt landbruk	9
Motreaksjonen.....	11
Samarbeidet mellom det konvensjonelle og det økologiske landbruket	12
Føremålet med rapporten	14
Datamaterial og metode.....	15
Analytisk innfallsvinkel	16
Studiefeltet	19
Den historiske bakgrunnen	20
Landboforeningene (DDL)	20
Dansk Familielandbrug (DF)	21
Forholdet mellom Landboforeningene og Familielandbruget	22
Landbrugsraadet (LR)	23
Dansk landbruk sin politiske og samfunnsmessige status	24
Danmark som jordbruksnasjon	24
Bakgrunnen for den økologiske organiseringa.....	26
Landsforeningen Økologisk Jordbrug (LØJ).....	26
Økologisk Landcenter (ØLC).....	27
Samarbeidet mellom dei økologiske og dei konvensjonelle landbruksmiljøa.....	28
Utgangspunktet	28
Dei konvensjonelle organisasjonane sitt forhold til økologisk landbruk.....	30
To organisasjonar og to strategiar	35
Samarbeid –problem eller moglegheit.....	35
Økologiens Hus 2001 – nytt liv i gamal debatt	37
Kreativ konflikt - den danske suksessfaktor	39
Litteraturliste	42

Innleiing

Danske bønder har ein fleirårig tradisjon for omfattande organisering. Det er hovudsakleg to store organisasjonar ein tenkjer på når ein snakkar om danske landbruksorganisasjonar. Den eine er Dansk Familielandbrug (DF) som heilt fram til 1993 vart kalla De danske Husmandsforeninger. DF har tradisjonelt organisert dei små og mellomstore brukar medan den andre store landbruksorganisasjonen, Landboforeningene (tidlegare De Danske Landboforeninger) har tradisjonelt vore organisasjonen for dei større brukar. Desse utgjer basisen for organisasjonslivet i det danske landbruket, men dei er langt frå aleine. I tillegg finn me mellom anna ei heil rekke av meir eller mindre bransjespesifikke organisasjonar (som t.d. organisasjonar for storfekkjøtprodusentar, svinefekkjøtprodusentar, planteavl osv.), samt ei lang rekke adelsorganisasjonar. Daugbjerg (1999) hevdar at dei danske landbruksorganisasjonane i mange år har vore dei mektigaste interesseorganisasjonane i det danske samfunn, både politisk, økonomisk og sosialt.

I 1981 vart Landsforeningen for Økologisk Jordbrug (LØJ) oppretta av ei gruppe folk med interesse for ei ny type landbruksproduksjon, den økologiske produksjonsmåten. Dette miljøet vendte seg kraftig imot det eksisterande landbruket, som då vart kalla det konvensjonelle landbruket. Kritikken gjekk i all hovudsak på at det konvensjonelle landbruket nytta for mykje kunstgjødsel og sprøytemiddel. I tillegg var delar av kritikken også retta mot etikken knytt til husdyrhaldet innanfor det konvensjonelle landbruket, som dei såg på som uetisk og industriell i negativ tyding av ordet.

Trass eit utgangspunkt der det konvensjonelle og det økologiske landbruket stod langt frå kvarandre vart det innleia eit samarbeid på det organisatoriske plan i løpet av 1980 – 90-åra. Det er dette samarbeidet eg vil rette fokuset mot i denne delen av prosjektet, eg vil søke å forstå bakgrunnen for og innhaldet i samarbeidet mellom det danske konvensjonelle og økologiske landbruksmiljøet.

Framveksten av eit industrielt landbruk

Frå kring 1957 går Danmark inn i ei periode med særskilt høg økonomisk vekst. Ein stor industrisektor veks fram, noko som fører med seg ei markant velstandsauke i samfunnet. Fleire mindre verksemder vert stengt og større

einingar veks fram, noko som også vert gjeldande innanfor landbruket. I etterkrigsåra byrjar traktoren å dominere i landbruket og den utgjer på mange måtar startskotet for mekaniseringa som for alvår tek til på byrjinga av 60-åra. Produksjonen vert intensivert på færre og større einingar (Haue, Olsen & Aarup-Kristensen 1983).

Den kraftige mekaniseringa, med nye maskiner, driftsbygningars, kjøp av tenester frå maskinstasjonar og liknande, medfører at dei tidlegare sesongarbeidarane som i generasjonar hadde prega landbruket forsvann. I tillegg gjekk fleire av dei mindre brukarane anten heilt ut av næringa eller vart deltidsbønder. Dei av bøndene som vart att i næringa måtte svare på strukturendringa ved å bygge ut og auke mekaniseringsgrada ytterlegare. Einingane vart større samstundes som trangen for arbeidskraft fall kraftig (sjå tabell 1 og 2).

Tabell 1. *Talet på gardsbruk i prosent, fordelt på storleik 1937 – 75 (Haue, Olsen & Aarup-Kristensen 1983).*

Hektar	1937	1960	1970	1975
0.5 - 9.9	51.1	46.8	31.4	30.3
10 – 59.9	46.6	51.4	64.7	64.7
> 60	2.3	1.9	3.9	5.0

Tabell 2. *Arbeidskraft i landbruket, omrekna til heilårsarbeid i 1000 timer (Haue, Olsen & Aarup-Kristensen 1983).*

	1960/1961	1965/1966	1970/1971
I alt	283.3	197.7	173
Leigd medhjelpar	71.4	35.8	18

I planteproduksjonen finn me ei parallell utvikling med tanke på effektivisering gjennom bruken av kunstgjødsel og kjemiske sprøytemiddel. Generelt kan ein seia at det i denne perioda skjer det ein formidabel produksjonsauke som i all hovudsak skuldast auka bruk av maskiner og kjemikaliar.

...det centrale var modernisering og stræben etter øget effektivitet uden videre skelen til miljøet (Bager og Søgaard 1994: s. 11 - 12).

Industrialiseringa sette såleis radikale spor også i landbruksproduksjonen og Aarup-Kristensen skriv at ”Bondegården kom mer til at ligne en fabrik.” (Haue, Olsen & Aarup-Kristensen 1983). Velstandsauke og redusert arbeidsløyse uttrykte seg i ei utbreidt teknologioptimisme, ei tru på framsteg gjennom auka rasjonalisering og effektivisering. For dei fleste danskar framstod det dansk landbruk som førande i verda, og dei danske landbruksorganisasjonane styrkja ytterlegare sin posisjon i samfunnet.

Der var blant erhvervet selv, befolkningen og den politiske ledelse en oppfattelse af, at Danmark hadde en meget effektiv landbruksproduksjon med produkter av høy kvalitet. Selyforståelsen var, at Danmark som producent av landbruksvarer var et foregangsland. Praktisk talt ingen stillede spørsmål ved landbrugets produktionsmetoder (Lanng 2001: s. 11).

Motreaksjonen

På slutten av den industrielle vekstperioda oppstod det ein motreaksjon. Ei heil rekkje protestrørsler stillte spørsmål om det ikkje fanst ei grense for veksten. Christensen (1998) viser at det danske økologiske landbruket har røter attende til desse protestrørslene. Ei lita gruppe folk byrja å påpeike at den rådande produksjonsmåten i landbruket hadde uheldige konsekvensar for miljøet. Kritikken gjekk i hovudsak på at landbruket var for effektivt og industrialisert, særleg var det bruken av kjemiske sprøytemiddel og kunstgjødsel som vart kritisert. Som ein reaksjon på dette starta kritikarane, som primært var folk frå den såkalla 68 generasjonen, gardsbruk som nyttja produksjonsmetoder som var vesentleg forskjellig frå det eksisterande landbruket. Desse produksjonsmetodene vart omtala som økologisk produksjon.

Det økologiske landbruket i Danmark er med andre ord relativt nytt. Dei fyrste spede eksperimenta starta i slutten av 60-åra, då med mykje hjelp frå biodynamikarane som hadde drevet utan bruk av kunstgjødsel og kjemiske sprøytemiddel i mange år. Skilje mellom økologisk landbruk og biodynamisk landbruk kan kort fortalt seiast å gå på det biodynamikarane kallar den ”åndelege” overbygning. Biodynamikarane hevdar at naturen vert påverka av oversanselege krefter, medan økologane avviser dette elementet.

I starten er kontakta mellom det økologiske og det konvensjonelle landbruksmiljøet fråverande. Dette vart også sett på som naturleg sidan dei stod so pass langt frå kvarandre og sidan det økologiske landbruket vart sett på, og oppfatta seg sjølv, som ein protestorientering mot det konvensjonelle

landbruket. Økologane ville vekk frå det industrialiserte landbruket og ønska å skape eit landbruk der mennesket var ”i pakt med naturen”.

Økologisk landbrug startede i 70’erne som en protestbevægelse mod landbrugets mer og mer intensive produktionsmetoder. Men det var samtidig et oprør mod mer generelle tidstræk i samfundet, nemlig stigende materialisme, centralisering, stordrift og industrialisering, affolkning af distrikterne og fremmedgjørelse over for fødevarenes produktion og oprindelsee” (Tersbøl, 1995: s. 72).

Det konvensjonelle landbruket på sin side oppfatta økologane som romantiske nostalgikarar som nærast hadde ei religiøs tilnærming til landbruket. Dei hevdar at økologisk landbruk aldri ville verte noko som det etablerte landbruket kunne innlemme seg med.

Hvis ikke landbrugets udvikling skulle bæres af den form for effektivitet, som kom til udtryk i tidens mekanisering og specialisering, hvis ikke landbrugeserhvervet skulle besvare sin rolle i valutaindtjeningen via eksport, hvis ikke det skulle ske via en ekspanderende produktion, så var det jo at betvivle selve det etablerede landbrugs stræben. Ikke kun en driftsform var bragt på tvivl, men tvilens gjaldt det hele prspektiv, hvorpå den tids landmænd havde bygget deres fremtidstro. Heller ikke var det kun en driftsform, der stod som alternativ, men en modkultur, alt for fremmed, alt for andreledes. Det var faretruende (Christensen, 1998: s. 66 - 67).

Samarbeidet mellom det konvensjonelle og det økologiske landbruket

Utover på 70 talet såg det økologiske landbruksmiljøet ut til å forsvinne meir og meir ut av den generelle samfunnsdebatten.

Nyhendeverdien i kritikken av det konvensjonelle landbruket var dalande, skulle ein kome seg opp att frå denne bølgjedalen laut ein kome opp med noko nytt (Informant utsegn Ot3).

Tidleg på 80 talet, meir presisert i 1981 organiserte økologane seg i Landsforeningen Økologisk Jordbrug (LØJ) som var den fyrste viktige økologiske organisasjonen.

Trass den store avstanden til det konvensjonelle landbruket vart det relativt tidleg innleidd eit samarbeid mellom det konvensjonelle og det økologiske landbruket. Dette samarbeidet er sjølv sagt ein løpende prosess som pågår enno.

Eg vil her trekke fram sju viktige milepålar som har vore sentrale i utviklinga:

- 1981: Skipinga av Landsforeningen Økologisk Jordbrug (LØJ).
- 1984: Innleiing av rådgivingssamarbeid mellom LØJ og dåverande De danske Husmandsforeninger (noverande Dansk Familielandbrug (DF))
- 1987: ”Lov om økologisk jordbruksproduksjon” vert vedteke i Folketinget – hovudformålet med lova er å yte økonomisk støtte til fremme av den økologiske jordbruksproduksjonen i Danmark samt å få i stand ei statleg merke og kontrollordning for økologiske produkt. Landboforeningene (DDL) går inn i rådgivingssamarbeidet.
- 1992: Økologisk Landscenter (ØLC) vert skipa. ØLC vert oppretta i fellesskap av dei økologiske bransjeforeiningane og avløyser det tidlegare BrancheKoordineringsUdvalget (BUK). BUK vert nedlagt fordi dei ikkje kan ivareta den nye satsinga på sal og marknadsføring, sett i lys av det får ØLC ei vesentleg sal og marknadsføringsrolle.
- 1994: DF opprettar representantskap for økologi
- 1997: ØLC vert tatt opp som A-medlem (medlem med stemmerett) i Landbruksraadet.

Det vert av fleire av mine informantar trekt fram at ØLC sit A-medlemskap i Landbruksraadet i 1997¹ truleg er den viktigaste hendinga i høve til det organisatoriske samarbeidet mellom det konvensjonelle og det økologiske landbruket.

Det at det økologiske landbruksmiljøet, som starta som ein protest mot det konvensjonelle landbruket, no er med i Landbruksraadet vert sett på som sær interessant. Dette fordi Landbruksraadet i mange år har vore topporganisasjonen for det danske konvensjonelle landbruket. At noko slikt kunne skje ville for berre få år tilbake blitt kategorisk avvist som utopi (Informantutsegn Ot1).

Som ein motreaksjon på dette nære samarbeidet ser me samstundes at det har oppstått grupperingar som går inn i ein debatt om konsekvensane av det nære samarbeidet.

¹ Her er det viktig å presisere at LØJ ikkje er medlem av Landbruksraadet.

Det er lett å sjå føre seg ein situasjon der den økologiske integritet vert truga som ein konsekvens av eit for tett samarbeid med dei konvensjonelle miljøa (Informantutsegn Ot2 + Fo1).

Trekker ein opp to kontradiktorske scenario der eine ytterpunktet er reint samarbeid og det andre er rein konflikt vil det økologiske landbruket tape både desse ytterpunktene, utfordringa ligg i det å få i stand ein situasjon der ein har kreativ konflikt (Informantutsegn Fo1).

Desse utsegnene røyver ved hovudutfordringane for det danske økologiske landbruksmiljøet, kor integrert skal det økologiske landbruket bli med det konvensjonelle? Og korleis vil det påverke det økologiske landbruket sin integritet? Utsegnene røyver med andre ord med det som kan seiast å vere føremålet med denne rapporten

Føremålet med rapporten

Denne rapporten inngår som ein del av prosjektet "Harmoni på bekostning av økologi? – En analyse av øko-diskursens betydning for markedet." Hovudmålsetjinga til dette prosjektet er å få ei betre forståing av kvifor økologiske matvarer ikkje er på same nivå i Noreg som i ein del andre europeiske land. Prosjektet legg opp til ein komparasjon mellom Noreg og Danmark både når det gjeld utviklinga innan produksjon av og etterspørsel etter økologiske produkt. Hovudgrunnen for at det er interessant å samanlikne utviklinga i Noreg med Danmark, er at det stadig kjem opp argument med referanse til Danmark når ein drøftar framveksten av det økologiske landbruket i Noreg. Særleg ser det ut til at slike argument dukkar opp når ein drøftar tilhøvet mellom dei konvensjonelle- og dei økologiske landbruksmiljøa. Medan dei økologiske og dei konvensjonelle miljøa i Noreg kan seiast å ha følgd ei samarbeidslinje, kan det synast som det i Danmark har vore større grad av konfrontasjon.

Med dette som utgangspunkt vil prosjektet rette søkjelyset på følgjande problemstillingar:

- Er det grunnlag for å hevde at utviklinga i Danmark har vore prega av konfrontasjon enn utviklinga her heime?
- På kva måte har tilhøva mellom det økologiske og det konvensjonelle landbruksmiljøet i Noreg og Danmark, påverka utviklinga av produksjon og forbruk av økologiske matvarer i dei to landa?

- Har den norske samarbeidslinja, og dermed manglande polarisering mellom det økologiske og det konvensjonelle landbruket, medført lav etterspurnad etter økologiske produkt?
- Har den norske samarbeidslinja medført ei generell økologisering av det norske konvensjonelle landbruket, medan ei eventuell dansk konfrontasjonslinje har fungert som ei barriere mot ei slik utvikling?

Denne rapporten vil i all hovudsak fokusere på den danske biten i dei to fyrste problemstillingane. Likevel vil deler av rapporten røyve ved dei andre problemstillingane også, dette gjeld særleg i dei høva der ein også kan finne att liknande problemstillingar innanfor den danske diskursen.

Datamaterial og metode

Datamaterialet som ligg til grunn for denne rapporten er samla inn i samband med ei reise kring om i Danmark våren 2001. På den rundreisa vitja eg forvaltarar, forskarar og både tillitsvalde og tilsette i landbruksorganisasjonane. I tillegg avla eg gardsvitjingar og hadde samtalar med seks konvensjonelle og fire økologiske bønder².

Alle mine informantar vil i denne rapporten verte anonymisert, eg har gitt alle ei kode som indikerer kva kategori av informantar dei fell innanfor. **By** står for Byråkratar, det vil seie tilsette i forvaltinga som arbeider med problemstillingar knytt til økologisk landbruk, **Fo** står for Forskarar, og **Oa** står for tilsette (ansatt) i ein organisasjon medan **Ot** står for tillitsvald i ein organisasjon. I tillegg vil alle få eit nummer for kvar av informantane innan for kvar kategori. Lesaren vil finne att koda i appendikset bak i rapporten der det også vert gitt ei grov omtale av informanten. Som eit døme vil koda **Oa1** stå for ein person som er tilsett i ein organisasjon og for å kunne seie noko meir om det, må ein sjå i appendikset som vidare fortel oss at det er: ein fullmektig i Landboforeningene.

Alle informantutsegna er her gjengitt i nynorsk språkdrakt, dette innebere ei viss omskriving frå muntleg dansk. Vonleg vil ikkje denne omskrivinga medføre signifikante endringar av meiningsinnhaldet i sitatet.

For å finne informantane mine har eg arbeida utifrå to ulike metodar, først å fremst har eg identifisert informantar ved å følgje med i danske avisar og funne personar som har markert seg anten i form av intervju eller innlegg om økologisk landbruk og forholdet til det konvensjonelle landbruket. Viktigast har


² Fullstendig liste over informantar finst som appendiks bak i rapporten.

medlemsaviser som Økologisk jordbrug og Landmannen vore i dette arbeidet, men også vanlege dagsaviser har gitt nyttig informasjon. Vidare har eg hatt kontakt med organisasjonar som Landsforeningen Økologisk Jordbrug LØJ og Økologisk Landscenter ØLC (begge lokalisert i Økologiens hus i Århus) som har gitt meg ytterlegare informasjon om aktuelle personar som eg ville ha nytte av å ha samtale med. Bøndene har eg treft tilfeldig ved å svinge innom gardar på veg gjennom Danmark, der har eg etter det fyrste intervjuet, spurt informanten om han/ho kunne gi meg eit namn på ein annan bonde som eg kunne spørje om å få ei samtale med. Dette fungerte etter mitt syn bra, særleg fordi det viktigaste prosjektet for min del var å sjå korleis dei danske bøndene driv bruk sine. Dette for å få eit mest mogeleg heilskapleg bilet av kor likt/ulikt det danske og det norske landbruket er.

Analytisk innfallsvinkel

Som det framgår i det føregåande kapittelet vil denne rapporten söke å svare på om det er grunnlag for å hevde at utviklinga av det danske økologiske landbruket i større grad har vore prega av konflikt mellom det økologiske og det konvensjonelle landbruket enn det me finn her heime. Samstundes finn me i innleiinga av denne rapporten at det også i Danmark er samarbeidslinja som er den rådande. Gjev dette då grunnlag for å hevde at det ikkje er noko skilje mellom den danske og norske utviklinga av det økologiske landbruket, med tanke på konfliktnivå mellom det konvensjonelle og det økologiske landbruksmiljøet? Umiddelbart vil eg seie at det ikkje er fullt so enkelt. Sjølv om det definitivt må seiast å også vere samarbeid som er det rådande credoet også i Danmark, tyder ikkje det at samarbeidet artar seg sameleis i Noreg som i Danmark.

Me kan lett tenke oss to kontradiktoriske idealtypar som ser slik ut:



Figur 1. Modell for dei to absolutte ytterpunktia i ein relasjon mellom aktørar

Likevel veit me at røyndomen vanlegvis er langt meir nyansert enn det to idealtypar kan greie å skissere. Mellom samarbeid og konflikt vil ein finne ein


trinnlaus skala som refererer til ulike verdiar med referanse til konfliktnivå. Det kan med andre ord vere konflikter av større eller mindre grad sjølv om det er samarbeid, like fullt som det kan vere samarbeid trass konflikt mellom aktørane. Med dette som utgangspunkt vert neste prosjekt å identifisere kvar på skalaen mellom fullt samarbeid og full konflikt ein finn den danske røyndomen.

Om ein skal finne svar på dette bør me sjå litt på den organisatoriske og politiske historia til det danske landbruket, utan at me skal gjere dette til eit hovudpunkt for denne rapporten. Skal ein forstå ein organisasjon og dei vala som organisasjonen gjer vert det viktig å kartleggje viktige forhold ved organisasjonen sin historie. På den måten kan ein danne seg eit bilet av kva verdiar, haldningar og normer som organisasjonen handlar utifrå.

Ideelt sett burde det samla nettverket av organisasjonar innan den danske landbrukssektoren, både i den primære, sekundære og tertiære sektoren, vere med i framstillinga mi. Dette vil etter mitt syn berre komplisere framstillinga mi, derfor vel eg å fokusere på fire organisasjonar: Dansk Familielandbrug (DF), Landboforeningene (DDL), Landsforeningen for Økologisk Jordbrug (LØJ) og Økologisk Landscenter (ØLC).

Då samarbeidet starta og vart utvikla, ei periode som eg vil kalle initieringsprosessen, vart DF og DDL delvis oppfatta som sjølvstendige organisasjonar og delvis oppfatta kollektivt i regi av Landbruksraadet. Uansett vart både DF og DDL oppfatta som konvensjonelle organisasjonar medan LØJ og ØLC³ vart oppfatta som økologiske organisasjonar.

³ ØLC vart skipa i 1992, før då må forgjengarorganisasjonen Branchekoordineringsudvalget (BKU) vurderast retrospektivt og tilleggjast ei viss forklaringskraft i høve til utviklinga av samarbeidsrelasjonane.




Figur 2: Visualisering av det analytisk utgangspunktet

Får å få tak på bakgrunnen for utviklinga av samarbeidet mellom dei ”nye” økologiske landbruksorganisasjonane og dei ”gamle” tradisjonelle landbruksorganisasjonane er det fruktbart å generalisere ein heil del. Derfor vel eg å kalle dei veletablerte organisasjonane DDL, DF og Landbrugsraadet for konvensjonelle organisasjonar, medan eg kallar dei ”nye” organisasjonane LØJ og ØLC for økologiske organisasjonar. Dette gjer eg trass det faktum at fleirtalet av dei økologiske bøndene er medlemmar av anten DDL eller DF og dermed også i Landbrugsraadet, i tillegg til at dei gjerne også er medlem av LØJ eller ØLC. Poenget er at både DDL og DF er dominert av dei konvensjonelle interessene og framstår som vesentleg mindre økologiske enn LØJ og ØLC.

Utan at eg skal gjere dette om til ein omfattande historisk gjennomgang av det danske landbruket vil eg i neste kapittel søke å sette utviklinga inn i den historiske konteksta som den opererte innanfor. På same måte som det einskilde mennesket er eit produkt av sit hittil levde liv vil også ein organisasjon vere eit produkt av sin historie. Dei framtidige handlingane og strategiane bak vil i stor utstrekning vere prega av forhistoria og dei verdiane, haldningane og normene som vart bygde opp der. Ein kan med andre ord snakke om at den einskilde organisasjon, utifrå sin historie, har danna seg eit subjekt som utgjer det ein kan kalle eit ”bilete av røyndomen”. Omgjevnadene vert tolka og forstått utifrå dette biletet av røyndomen, ei fortolking som i neste omgang utgjer grunnlaget for handling. På basis av ei slik forståing av organisasjonane vert det viktig å gjere ei rask kartlegging av organisasjonane sin historie.

Studiefeltet

Når ein snakkar om forklaringsfaktorar for utviklinga av samarbeidet mellom det konvensjonelle og det økologiske landbruket kan ein trekke fram to særslige prosessar. Den eine er dei interne relasjonane mellom organisasjonane, det vil seie forklaringsfaktorar som ein internt kan peike på som viktige i høve til innleiinga av samarbeidet mellom økologiske og konvensjonelle organisasjonar. Lanng (2001) trekkjer fram samarbeidet omkring rådgivningsoppgåvene mellom DF og LØJ i 1984 som eit døme på ein intern relasjon.



Figur 3. Visualisering av studiefeltet

Den andre prosessen er dei eksterne forklaringsfaktorane, som angir forklaringar knytt til landbruksorganisasjonane sine omgivnader og relasjonane mellom omgivnadene og landbruksorganisasjonane. Omgivnader representerer dei aktørane utanfor landbruksorganisasjonane som kan seiast å ha innverknad på korleis landbruket utviklar seg. Denne gruppa er sjølvsagt langt større enn det som er teke med i modellen over.

Det å trekke inn omgivnadene i modellen kan grunngjevast i det faktum at organisasjonane ikkje eksisterer i eit vakuum, tvert om eksisterer dei danske landbruksorganisasjonane absolutt innanfor den danske politiske struktur. I

følgje Buksti (1980) har dei danske landbruksorganisasjonane lange historiske tradisjonar i å tilpasse seg endringar i omgivnadene.

Den historiske bakgrunnen

Organiseringa av det danske konvensjonelle landbruket har utvikla seg til eit omfattande nettverk av organisasjonar med ulike føremål. Ein snakkar gjerne om dei generelle organisasjonane, dei såkalla "landøkonomiske organisasjonane", som Landboforeningene og Dansk Familielandbrug. Desse organisasjonane har eit generelt næringspolitisk siktet mål overfor sine omgivnader, kombinert med omfattande rådgivingsfunksjonar overfor medlemmane. I tillegg har ein dei såkalla "spesifikke" foreiningane retta mot særskilde områder eller saksføremål. Her kan ein nemne spesialforeiningar som gjerne er organisert som andelslag. Desse finn ein innan husdyrproduksjon som svin, storfe, og liknande i tillegg til planteproduksjon, slakteri, eksport og omsetjing. Buksti (1974) skriv at landbruket har tre grunnorganisasjonar: landboforeningene, husmandsforeninger (i dag Dansk Familielandbrug) og andelsorganisasjonar. Sjølv om det er snakk om sjølvstendige foreiningar eksisterer det eit naturleg koordineringsbehov av haldningar og gjensidig orientering, denne funksjonen vert ivareteke av paraplyorganisasjonen Landbrugsraadet.

Landboforeningene (DDL)⁴

Den fyrste danske landboforening vart skipa på Bornholm i 1805, etter det oppstod fleire lokale/regionale landboforeninger og kring 1900 var det 102 foreiningar med 60.000 medlemmar. I fyrstninga var det stort sett godseigarar, embetsmenn, prestar og andre samfunnstoppar som rådde i foreiningane, men etter kvart som tida gjekk kom det stadig fleire vanlege bønder inn i foreiningane. Dei primære oppgåvene til foreiningane var stort sett å arrangere fesjå og tilby rådgiving til bøndene. Dei dreiv også ei omfattande forsøksordning og formidling frå dette arbeidet.

Etter kvart som det vokste fram fleire lokale foreiningar oppstod det ein trond for å koordinere arbeidet og ein oppretta regionale landboforeiningar som skulle ta seg av det arbeidet. I 1893 vart "De samvirkende Danske Landboforeninger" skipa og foreininga fekk den forma som lenge bar namnet De Danske

⁴ Sjølv om det gamle namnet, De Danske Landboforeningene, ikkje lenger vert nytta på Landboforeningene heng likevel forkortinga DDL igjen og er den som vert mest nytta.

Landboforeninger, i dag heiter dei Landboforeningene. Det er i dag 81 lokalforeiningar som arbeidar saman i 13 regionar, og har om lag 62.000 medlemmar.

Utgangspunktet for Landboforeningene (DDL) er dei 81 lokale landboforeningene, som hjelper dei einskilde bøndene med lokal rådgiving. Desse vert supplert med rådgiving og ekspertise frå dei 13 regionale landboforeningene og frå DDL. Arbeidsområdet kan delast inn i tre overordna kategoriar:

- Fagleg rådgiving overfor medlemmar om produksjon og økonomi.
- Næringspolitisk talerør for bøndene både lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt.
- Ivareta organisasjonane sine interesser som samfunnkontakt (pressekontakt) og arrangere ulike kulturelle aktivitetar.

Dansk Familielandbrug (DF)

I motsetnad til Landboforeningene som oppstod kring dei store og mellomstore gardsbruka vokste Dansk Familielandbruk fram kring dei små bøndene, altså husmennene. Då husmennene vart gitt høve til å verte sjølvstendige i 1850 hadde dei særslig trange kår, og mange levde på eit eksistensminimum (Lanng 2001). Dei siste par tiåra før hundreårsskiftet byrja husmennene å organisere seg, føremålet med organiseringa var å betre dei sosiale og økonomiske kåra dei levde under. Særleg var mykje av strategien retta inn mot å skaffe jord. I starten vart det særleg arbeide med å få i stand utskifting av jorda som godseigarane hadde kontroll over.

I 1910 utgjer denne husmannsrørsla meir enn 700 lokallag, og på same måte som Landboforeningene opplever også desse at dei hadde trond om å koordinere seg. De samvirkene danske Husmandsforeninger (frå 1993 kalla Dansk Familielandbrug) vert skipa. I dag har DF om lag 15.000 medlemmar fordelt på 200 lokalforeiningar som igjen er oppdelt i 13 regionar.

På same måte som Landboforeningene stort sett har organisert heiltidsbonden og dei større bøndene har DF arbeida for dei mindre bøndene anten desse er heil-, del eller fritidsbønder. Arbeidsoppgåvene er på mange måtar lik Landboforeningene sitt arbeid, då det stort sett handlar om fagleg rådgjeving og påverking av den nasjonale landbrukspolitikken.

Forholdet mellom Landboforeningene og Familielandbruget

Reint politisk har Dansk Familielandbrug (DF) vore knytt til Det radikale Venstre (før det partiet oppstod var dei gjerne knytt til anten Sosialdemokratene og til dels Venstre). Landboforeningene (DDL) har i sterk grad vore knytt til Venstre (Ingemann, 1997).

Forutan ei kort periode i 1930-åra vart DF først fast medlem av Landbruksraadet i 1976⁵. Det at det fyrst då vart oppretta eit formalisert samarbeid mellom DF og Landbruksraadet skuldast ei rekkje stridsspørsmål. Det vil føre altfor langt å gå inn på kvart enkelt stridsspørsmål i denne framstillinga, men eg vil vise til Jacob Buksti (1974) som trekkjer fram følgjande sentrale stridsspørsmål mellom DF og Landbruksraadet i tiåret 1950 – 60:

-Jordbrukspolitikk, - Skatteforhold, -Kornlovspørsmål, -Spørsmål om lønnsoverenskomst, -Produksjonsutviding eller innskrenking, - Framgangsmåten for å etablere heimemarknadsordningar samt dei Europeiske marknadsplanane (Buksti, 1974, s. 140).

Det altoverskuggende spørsmålet gjennom fleire tiår har vore strukturspørsmålet. DF har som sagt organisert dei mindre bruka og samanlikna med DDL sine medlemmar har DF vore karakterisert med ein intensiv animalsk produksjon med relativt lite jordtillegg. DDL derimot har vore karakterisert med større jordtillegg sett i høve til bruka sin animalske produksjon. Dette har gitt seg utslag i at ”husmennene” sine bruk har vore netto kornkjøparar medan DDL sine medlemmar har vore netto kornselgarar.

Den bakanforliggjande forklaringsfaktoren for striden omkring den danske landbruksstrukturen finn ein i det faktumet at dansk landbruk lever i ein konstant situasjon av jordknappleik. Tilgangen til jord har alltid vore og er framleis eit sentralt spørsmål om ein bonde ønskjer å utvide drifta si. Ein kan kalle striden eit null-sum spel, der DF historisk sett har arbeida for ein sterk statleg regulering av jordtilgangen, eit syn som framleis rår innanfor DF. Ser ein på DF sin heimeside på internettet finn ein mellom anna:

Dansk Familielandbrug ønsker et vist mål af regler, der fastlægger rammerne for landbrugserhvervet. Vi ønsker blandt andet at lægge bånd på de største og mest ekspansivrige, til gavn for de mange, der stille og roligt ønsker at udvikle deres bedrift. De regler vi ønsker,

⁵ I avsnittet om Landbruksraadet vil eg kome nærmare inn på dette

*tager udgangspunkt i vores mål om at bevare selvejet og varetage interesserne for de mindre og mellemstore landbrug.
(http://www.dfl.dk/Index/Index_hvemervi.htm)*

DDL derimot er ein ivrig talsorganisasjon for ei meir eller mindre fri strukturutvikling i landbruket. Dei ser ikkje store problem i det at enkelte bruk veks seg større, tvert om ser dei det som ein naturleg konsekvens av at det veks fram krav om eit meir effektivt landbruk som skal vere konkurransedyktige på den internasjonale marknaden.

Det faktum at DF vart ståande utanfor Landbruksraadet det meste av tida fram til 1976 må sjåast som uttrykk for strategiske vurderingar, der dei meinte dei ville stå sterke i striden med DDL om dei stod utanfor Landbruksraadet. Dette forhindra likevel ikkje at DF og DDL stod samla når det vart krevd.

I dag er ikkje motsetnadene mellom DF og DDL like markante som dei ein gong var. Ingemann (1991) oppsummerer forholdet slik:

Opsummerende var strukturkonflikten ved indgangen til (19)80'erne organisationalt blevet ret begrenset, Husmandsforeningenes faglige arbejde var sammensmeltet med Landboforeningenes... (Ingemann, 1991: s. 97).

Eit tydeleg teikn på dette samarbeidet er dei mange lokallaga som vert drevet i samarbeid mellom DDL of DF. Rett nok er det i desse dagar planar frå DF om å opprette eigne lokallag og dermed også eigne sjølvstendige rådgivingseiningar lokalt.

Landbruksraadet (LR)

DDL og DF er saman med ei rekke landbruksorganisasjonar samla i Landbruksraadet (LR) som er det danske landbrukets offisielle paraplyorganisasjon. LR representerer landbruket overfor det politiske liv og samfunnet elles. Skipinga av LR skriv seg heilt attende til byrjinga av 1900 talet, både DDL og DF hadde visjonar om å skipe ein organisasjon som samla kunne representere landbruket. Fram mot skipinga i 1919 oppstod det usemje mellom DF på den eine sida og DDL saman med mellom anna Andelsudvalget og Det Kgl. Danske Landhusholdningsselskab på den andre sida. Problemet var at DF, som representerte husmennene, meinte at dei vart gitt ein for liten representasjon i LR, særleg når ein tek med at Andelsselskaberne og Landhusholdningsselskabet vart sett på som allierte med DDL (Ingemann 1991).

Derfor var DF ståande utanfor heilt fram til 1932. Det at dei gjekk inn då må sjåast som eit resultat av krisa på 1930 talet. Som eit resultat av krisa vart det trond om ei sterke stemme ut mot samfunnet der landbruket kunne vise at dei stod samla om kravet om støtte til eit trengande dansk landbruk. Forholdet mellom DDL og DF kjølna rett noko raskt, og i 1939 meldte DF seg ut av LR att. DF vart ståande utanfor LR heilt fram til 1976. Det at dei gjekk inn att forklarar Ingemann (1991) med at det i løpet av 1960-åra vart gjennomført ei større støtteordning til landbruket. Arbeidet i samband med innføringa av denne støtta fordra eit samarbeid mellom DDL og DF, eit samarbeid som også førte desse organisasjonane tettare saman. I tillegg er det grunn for å tru at også dansk medlemskap i EF i 1973 kan ha medført at grunnlaget for samarbeidet endra seg. Ei rekkje av dei tidlegare heimlege støtteordningane som landbruksorganisasjonane til dels hadde delansvar for, vart overført til EF. Medlemskapet i EF medførte også at Landbruksministeriet gjennomførte ei omfattende reorganisering. På bakgrunn av det vert det også hevd at landbruksorganisasjonane mista ein del av den makta dei tidlegare hadde hatt innan det danske samfunn (Lanng 2001). Denne maktavskalinga medførte at det etter kvart vart viktig å ”tale med ei stemme” frå landbruket, signalforvirring kunne skade landbruksnæringa særleg etter at dei vart meir avhengige av andre aktørar. Delar av dette finn me att i dag under LR sin uttalte intensjon:

Raadet tilstræber en fælles holdning overfor ministerier, folketings og EU (Landbruksraadet 1999).

Dansk landbruk sin politiske og samfunnsmessige status

Nyare organisasjonsteori har lært oss at organisasjonar eksisterer innanfor eit sett av omgivnader, mellom organisasjonar og omgivnader foregår ein kontinuerleg gjensidig påverknad (Scott, 1998). Derfor vil eg no søkje å gje eit bilet av dei omgivnadene som dei tre organisasjonane DDL, DF og LR opererte innanfor. Generelt kan me seie at det vert ei framstilling av det danske landbruk sin status i samfunnet og korleis landbruket står politisk i det danske samfunn.

Danmark som jordbruksnasjon

Dei fleste nordmenn vil utvilsamt definere Danmark til å vere ein jordbruksnasjon. Det same ville nok dei fleste danskar også gjort for eit halvt hundre år sidan, men er dette biletet også gjeldande i dag? Frå femtitalet og framover til i dag har landbruket fått redusert sin betydning for det danske samfunnet. Kring 1950 utgjorde dansk landbruk i underkant av 20 prosent av det

samla danske bruttonasjonalprodukt, i tillegg kom foredlingsindustrien som utgjorde om lag 2 – 2.5 prosent av samla bruttonasjonalprodukt. Til samanlikning utgjer landbruket i dag om lag knappe 5 prosent og foredlingsindustrien om lag 3 prosent av det samla danske bruttonasjonalprodukt.

Sterke landbruksorganisasjonar

I løpet av 1900 talet bygde landbruket opp eit massiv organisasjonsapparat som sat inne med ein vesentleg større fagleg kunnskap enn det ein fann i Landbrugsministeriet (Informantutsegn Ot 2).

Her finn ein også mykje av forklaringa på kvifor landbruksorganisasjonane sjølve forvalta og administrerte ei rekkje støtte- og omsetjingsordningar. Bakgrunnen for dette oppstod på 1930 talet. Inntil då hadde Danmark ført ein frihandelspolitikk for landbruksvarer, der særleg Tyskland, Belgia og Storbritannia var dei viktigaste marknadane. Ved starten på 1930 talet la desse landa restriksjonar på import av danske landbruksvarer, det førte i sin tur til eit nært samarbeid mellom staten og organisasjonane om støtte til landbruket. Resultatet av dette samarbeidet var at organisasjonane sjølve skulle administrere støtteordningane (Daugbjerg 1999). Dermed vart grunnlaget lagt for landbruksorganisasjonane sin store politiske makt. Om DDL og DF kunne semjast om ei felles innstilling til ministeriet vart det grunn for å tru at ministeriet ville imøtekome innstillinga.

Landbrugets organisationer havede såleis fået sig placeret i en meget central position, når det gjaldt så vel formuleringa som administrasjonen av landbugspolitikken i Danmark, med ein næsten suveræn myndighed med hensyn til styringa af landbrugets produktion, priser og afsætning, samt monopol på information om erhvervets forhold – en næsten ideel situation for erhvervs eller en befolkningsgruppens interesseorganisationer (Buksti 1980: s. 285).

Endringar i landbruket sin politiske makt

Då Danmark gjekk inn i EF i 1973 innebar det mellom anna at Landbruksministeriet overtok den dagelege administrasjonen av landbrukspolitikken, og dei starta umiddelbart å byggje opp si eiga faglege ekspertise. Dette førte til at landbruksmynda vart mindre avhengige av organisasjonane sin kompetanse, faktisk veks det etter kvart fram eit svært sterkt dansk landbruksministeri. Landbruksorganisasjonane fikk med andre ord svekkja politisk makt.

For å kompensere den svekkja direkte makta retta organisasjonane, med LR i spissen, fokusert meir mot den politiske opinionen enn det dei tidlegare hadde gjort. Dette arbeidet gjorde det meir prekært enn tidlegare for landbruksorganisasjonane som DDL og DF å framstå som samde i grunnleggjande spørsmål. Trass det at organisasjonane fekk svekkja politisk makt kan det sjå ut som det danske landbruk reint generelt fekk styrkja posisjon blant danskane. Det skuldast i all hovudsak at landbruket fekk auka eksportmessig verdi etter at Danmark vert medlem i EF. Lanng (2001) hevdar at landbrukspolitikken før EF-medlemskapet tenderte til å ha karakter av å vere redistributiv innanfor landets eigne grenser, med referanse til at landbruket henta støtta frå andre grupper i Danmark. Etter EF-medlemskapen fekk landbruket form av å vere redistributiv innanfor EF sine grenser, med referanse til at Danmark henta relativt store summar heim frå EF sine landbruksøtteordningar.

Alt i alt må ein konkludere med at trass den reduserte sosioøkonomiske verdien til det danske landbruket og den politiske omstruktureringa i samband med EF-medlemskapet, har likevel dansk landbruk ein sentral posisjon i det politiske og samfunnsmessige liv i Danmark. Buksti (1980) konkluderer slik:

....landbrugets normer helt frem til de seneste år har haft en fremtrædende plass i hele den danske politiske kultur (Buksti 1980: s. 305).

Bakgrunnen for den økologiske organiseringa

Sjølv om Landsforeningen Økologisk Jordbrug (LØJ) fyrst vart skipa i 1981, ligg det ei viktig forhistorie bak denne organisasjonen. Forhistoria fortel oss kva persongrupperingar og verdikriterium som ligg bak organiseringa av det økologiske landbruksmiljøet.

Landsforeningen Økologisk Jordbrug (LØJ)

LØJ kan med rette kallast den tredje landbruksorganisasjonen. LØJ er det økologiske sidestykket til DDL og DF. LØJ vart som sagt skipa i 1981 og har utspring frå ulike venstreorienterte grupperingar som har sterke historiske band til dei radikale 1970-åra. Som særleg aktive grupperingar vil eg nemne ”Socialistiske bønder” og ”Jordbrugsgruppen” samt produksjonskollektivet Svanholm Gods på Sjælland. LØJ har som formål å:

Udbrede det økologiske jordbrug, at samle kræfterne blant økologiske jordbrugere, at hjælpe nye i gang samt formidle kontakt mellom forbrugere og avlere (Lanng 2001: s. 32).

Danninga av LØJ må sjåast på bakrunn av det Christensen (1998) kallar ”modstrømninger”, som oppstod på slutten av 1960-, starten på 1970-talet. Dette var straumdrag mot det industrielle vekstsamfunnet i etterkrigstida, eit samfunn som medførte forureining og utbytting av dei globale ressursane. Ein finn også eit sosialt element i denne kritikken, særleg retta mot ein stadig aukande isolasjon av kjernefamilien og framveksande individualitet der kvar har nok med seg sjølv. Dette er kritikkar me finn att i økonomen E. F. Schumacher si bok ”Small is Beautiful”. Meir konkret kan me seia at det danske landbruket slik det var på 1950 talet framstod som ei inspirasjonskjelde for den økologiske rørsla. Ei produksjonsform som blanda husdyrhald og planteproduksjon, med andre ord ei diversifisert produksjonsform framstod som eit ideal. Avvisinga av såkalla framande stoffer som kunstgjødsel og kjemiske sprøytemiddel vart det viktigaste elementet. Den nye økologiske rørsla innleia eit nært samarbeid med dei biodynamiske miljøa som alt var organisert med eigen organisasjon.

LØJ oppstår altså ut frå ein kontekst med tydelege ideologiske føringar og sterkt forankra i den radikale venstresida. Dei er i oppstarttidspunktet laust organisert og små i omfang. Dei ser på den økologiske driftsforma som eit alternativ til ein landbruksproduksjon som har vorte for industrialisert. I tillegg ser det ut til at landbruket vert eit middel for å realisere ein alternativ livsform. I starten hadde LØJ målsetjing om at 100 prosent av det danske landbruket skulle leggjast om til økologisk.

Økologisk Landcenter (ØLC)

ØLC vert skipa i juni 1992 då ”Branche KoordineringsUdvalget” (BKU), som er dei økologiske bransjeforeiningane sin eigen samleorganisasjon, vert lagt ned. BKU oppstod som følgje av økologilovgivinga i 1987 der dei økologiske produsentane hadde eit ønskje om å skilje mellom den faglege agronomiske utviklinga og omsetjingssaker. Her var det eit poeng å styrke særleg den omsetjingsmessige utviklinga.

Det var ønskje om å betre omsetjinga som var grunnlaget for at økobøndene organiserte seg i eigne bransjar (Informantutsegn Ot2).

Arbeidsoppgåvene til BKU var stort sett praktiske sekretærøppgåver, koordinering og informasjonsarbeid. Organisasjonen var 100 prosent finansiert gjennom statleg utviklingsstøtte, noko som etter kvart vart eit problem. På grunn av det vart det vanskeleg for dei å ivareta sal og marknadsføringsarbeidet som dei såg som meir og meir viktig etter kvart.

Då ØLC vart oppretta overtok dei ein del av arbeidsoppgåvene som BKU hadde hatt. I tillegg arbeidar ØLC med koordinering av marknasdføring og sal av økologiske produkt, i det ligg det ein del konkrete butikkdemonstrasjonar og utarbeiding av ulike typar informasjonsmateriale. I 1998 flytta ØLC og LØJ saman under same tak i Økologien Hus i Århus. Medan LØJ sine oppgåver vert definert til å dreie seg kring forskingsformidling, politisk rådgiving, kurs/seminar og fastsetjing av avlsreglar m.m, får ØLC i oppgåve å arbeide særleg med omsetjingsarbeidet. Ei arbeidsdeling som seinare skal vise seg å volde problem foreiningane imellom.

Samarbeidet mellom dei økologiske og dei konvensjonelle landbruksmiljøa

Etter intervjuet med sentrale personar innan det danske landbruket kan det synast som at det var først på byrjinga av 1980-åra at økologane så smått vart synlege i den offentlege debatt. Fleire meinar at dette heng saman med skipinga av Landsforeningen Økologisk Jordbrug (LØJ). I byrjinga legg Dansk Familielandbrug (DF) for dagen ei positivt haldning til dei ”nye” bøndene, medan haldninga frå De danske landboforeninger (DDL) sin side ser snarare negativ ut. Trass DF sin relativ positive haldning var nok fleirtalet av DF sine medlemmar framleis svært skeptiske til det økologiske landbruket. Den positive haldninga i DF var med andre ord einast å finne på organisasjonsplanet.

Utgangspunktet

På byrjinga av 1980-åra freista dei økologiske landbruksinteressene å få i stand ei sjølvstendig økologiske konsulentordning. I 1984 vedtek Folketinget å støtte ei slik konsulentordning under føresetnad av at ordninga inngår i den alt eksisterande konsulentordninga for det konvensjonelle landbruket. LØJ tok då kontakt med DF og DDL for å få i stand eit samarbeid.

For å få støtte måtte me inngå i det eksisterande rådgjevingssystemet. Derfor tok me kontakt med både Dansk Familielandbrug og Landboforeningene. Medan Landboforeningen var negative til eit samarbeid stilte Husmennene seg positivt til det (Informantutsegn Oa 3).

Dette resulterte i at det i 1984 vart skipa ei økologisk/biodynamisk rådgjevingsteneste i samarbeid med DF, først i 1987 kom DDL med i

samarbeidet. DDL sitt motiv for å verte med på samarbeidet framgår av årsmeldinga deira same år, der nyttar dei formuleringar som:

"Økologisk jordbrug er en nicheproduktion (.....) som landboforeningenes medlemmer også ønsker at udnytte" (De danske Landboforeninger, Årsberetning 1987).

Henry Damsgaard Lanng (2001) bruker to sitat for å illustrere dei to organisasjonane sine ulike haldningar til økologisk landbruk. Båe desse sitata hentar han frå debatten om økologilova som vart vedtatt i 1987.

Landboforeningernes formand på daværende tidspunkt, H.O.A. Kjeldsen, uttaler i 1986 i et interview, at

...man starter en produktion, hvis der er kommersiel afsætning. "Man skal ikke løbe til staten om ditten og datten" (TV-avisen)"
(Landbrugsmagasinet, nr. 38, 1986 i POET, 2000)

Heroverfor siger daværende formand for Jydske Husmandsforeninger, og næstformand i Danske Husmandsforeninger (DF) samt folketingsmedlem for Det radikale Venstre, Hans Larsen-Leddet:

...Derfor skal vi være åbne og acceptere mangfoldigheden, ja, vi skal støtte det nye, der som oftest har svært ved at blive godkendt...Jeg tror personligt, der fortsat vil ske en udvikling på det økologiske område. Det er ikke en konkurrence til det almindelige landbrug - tværtimod, så kan det skabe nye afsætningsmuligheder, også til udlandet."
(Landbrugsmagasinet, nr. 40, 1986 i POET, 2000)

(Lanng, 2001)

Det økologiske landbruksmiljøet ønskte i utgangspunktet å få i stand ei sjølvstendig konsulent og rådgjevingsteneste, men som ei følge av vedtaket i Folketinget vart dei pressa inn i samarbeidet med det konvensjonelle landbruksmiljøet. Det økologiske landbruket vart altså alt her innlemma i det eksisterande systemet, med det resultat at dei vart nøydde til å tilpasse seg premissane åt det eksisterande systemet. Om dei ønskte støtte frå stateleg hald måtte dei samarbeide med dei konvensjonelle landbruksorganisasjonane. Ved å føresette samarbeid med det konvensjonelle konsulent og rådgjevingssystemet sikra staten seg indirekte styring over det økologiske miljøet, sidan dei alt hadde eit tett samarbeid med dei konvensjonelle organisasjonane. For den enkelte

bonde vart det eit krav om medlemskap anten i DF eller DDL⁶ om han ville motta rådgiving eller konsulenthjelp i samband med økologisk landbruk⁷.

Dei konvensjonelle organisasjonane sitt forhold til økologisk landbruk

Som tidlegare nemnt tok LØJ kontakt både med DF og DDL for å få i stand samarbeidet om rådgjevingstenesta.

”....vår haldning var at når me først skulle samarbeide med det konvensjonelle landbruket ville me helst samarbeide med begge organisasjonane (DF og DDL), men det er liten tvil om at det har vore lettast å samarbeide med DF (Informantutsegn Oa 3).

Dette vert også understreka av ein representant for DDL:

Den tida var økologisk landbruk sterkt ideologisk basert, me kan trygt seie at dei skilte seg svært mykje frå oss. Det er heilt andre typar økologar me har i dag, den sosialistiske ideologien som var så tydleg i starten er mindre synleg no, dei fleste har klift av seg det lange håret Det er klart dette var eit kjempeproblem i starten, dei trakka på alt den tradisjonelle produksjonen stod for... (Informantutsegn Ot 1).

Dette gjev oss sterke indikasjonar om at økologane og DDL sitt bilete av røyndomen skilde seg så mykje frå kvarandre at det vanskeleggjorde samarbeidet. Henry Damsgaard Lanng (2001) har på basis av Gundelach (1998), Christensen (1998), Ingemann (1997), Ingemann (1999), Donati (1996), Grenstad & Selle (1995), Tersbøl (1995), Buksti (1980) og Schumacher (1973) konstruert ei framstilling av den dominerande og den alternative oppfatninga av røyndomen som var gjeldande innan det danske landbruket i 1980-åra (Figur 4).

⁶ I fyrstninga var det berre medlemskap i DF som var gyldig, men etter 1987, då DDL også inngjekk i samarbeidet, vart det krav om medlemskap i en av desse organisasjonane.

⁷ Om bonden valde å stå utanom foreiningane kunne han kjøpe tenesta, men dette var forholdsvis kostbart.

	Den dominerande oppfatninga av røyndomen	Den alternative oppfatninga av røyndomen
Sentrale verdiar	Materielle <ul style="list-style-type: none"> - Produksjon motivert av økonomisk eigeninteresse - Forbrukssamfunnet 	Ikkje materielle <ul style="list-style-type: none"> - Produksjon som middel for å realisere ønske om ein annan levemåte - "Estetisk" orientering Utvikle personleg livsstil i protest mot forbrukssamfunnet
Økonomi/Produksjon	"Det effektive landbruket" (Oppstår som omgrep omkring 1960) <ul style="list-style-type: none"> - Vekst, effektivitet, rasjonalisering, "industrialisering", mål i seg sjølv - Velstand gjennom økonomisk framgang og forbruk 	Ikkje mål i seg sjølv. <ul style="list-style-type: none"> - Vekst vert opplevd som negative parameter p.g.a. konsekvensane for natur og kultur - Sjølvtilfredsheit gjennom personleg utvikling – økologi som reiskap
Natur	Mange reserver <ul style="list-style-type: none"> - Utgangspunkt i naturforståing: <ul style="list-style-type: none"> - Mennesket er naturen overlegen, derfor skal mennesket "overta kommandoen over naturen" - Effektiv bruk av naturgrunnlaget gjennom bruk av framande stoffer (kunstgjødsel, kjemiske sprøytemiddel) 	Avgrensa ressursar <ul style="list-style-type: none"> - Utgangspunkt i naturforståing: <ul style="list-style-type: none"> - Mennesket er innlemma i / er ein del av naturen. - Naturen som et kretsløp. Avvisning av framande stoffer (kunstgjødsel, kjemiske sprøytemiddel)
Vitskap	<ul style="list-style-type: none"> - Teknologioptimisme <ul style="list-style-type: none"> - Tru på vitskapen - "Fagleg" forankring - "Realistisk" orientering 	<ul style="list-style-type: none"> - Teknologiskepsis <ul style="list-style-type: none"> - Føre – var prinsippet - "Ikkje-fagleg" forankring - "Idealistisk" orientering
Samfunn/organisering	Stordrift <ul style="list-style-type: none"> - sentralisering og spesialisering av produksjon 	Små einingar og diversitet i produksjonen <ul style="list-style-type: none"> - Protest mot avfolkinga av distrikta - Redusere avstand mellom produsent og forbrukar

Figur 4: Dominerande og alternativt bilete av røyndomen innan dansk landbruksproduksjon ved inngangen til 1980-åra (Kjelde: Lanng 2001).

Årsaka til at DF på sin side stilte seg meir positive til eit samarbeid med dei økologiske miljøa vert forklart med referanse til tradisjonelle karakteristika av DF sine medlemmar

Det heng nok saman med at vi tradisjonelt har blitt sett på som sjølvlærte bønder som driv bruk som gjennomsnittleg er mindre enn dei vi finn blant DDL sine medlemmar, bruk som gjerne vert drivne som deltidsbruk ved sidan av anna arbeid (Informantutsegn Oa2).

I ein lengre historisk samanheng er det truleg grunnlag for å hevde at DF hadde eit sterkare grunnlag for å ta til seg det økologiske landbruket sitt verdsbilete. Alt fra oppstarten av DF (Husmandsforeningene) var dei fokuserte på å ivareta

dei svake interessegruppene innan landbruket. Går me fram til kring 1960-åra finn me i tillegg at DF stiller seg sympatisk til ideen om å legge større vekt på det me kan kalle høgkvalitetsstrategi eller høgprisstrategi. Dei uttrykker at dei heller ønskjer å prioritere produkt med høgre kvalitetsparameter enn masseproduksjon av standardvarer (Sjå Landbrugsmagasinet nr. 26/1999). DF såg utviklinga mot større vekt på pris og auka mekaniseringsgrad som eit trugsmål mot sin eigen eksistens, DF sine medlemmar ville tape i kampen om pris mot DDL sine medlemmar. Det gjorde dei for så vidt også, framover frå 1960-åra og til i dag har DF organisert relativt sett ein stadig minkande del av dei danske bøndene. Buksti (1980) stiller spørsmål om DF sin eksistens som følgje av manglande legitimitet.

...for ikke at miste deres identitet (blir DF) tvunget til at markere sig med særlige synspunkter og holdninger netop i forhold til landboforeningene.... (Buksti, 1980, s.302).

Det er nok grunn til å anta at DF sitt forhold til det økologiske landbruksmiljøet er stimulert av ønske om å organisere ei ny gruppe bønder. Sjølv om økologane ikkje enno utgjorde noko stor gruppe (ca 100 stk i 1980) representerte likevel den positive innstillinga til økologiane ein klar forskjel mellom DF og DDL og dermed også ei mogeleg legitimering av foreininga i høve til DDL. Etter at det vart oppdaga problemer med nitrat i grunnvatnet vokste også interessa for det økologiske landbruket. Sjølv om det var vanskeleg å spore oppslutninga i reelle omleggingstal gav det grunnlag for å tru at det også ville ligge ein posisjoneringsverdi overfor forbrukarar i framtida.

I 1987 var økologisk landbruk kome på den politiske dagsordenen, og den såkalla alternative landbruksproduksjonen vart gitt ei statleg ramme for vidare utvikling. Den statlege ramma vart gitt gjennom "Lov om økologisk jordbruksproduksjon" eller populært kalla Økologilova. Med den gjekk den økologiske grasrotrørsla inn i sin tredje fase, med spørsmål om institusjonalisering i det eksisterande politiske system oppstod. Skulle det økologiske landbruket gå inn i samarbeid med organisasjonar som i utgangspunktet står for nett det landbruket som økoloandbruket kritiserer? Skulle dei akseptere ei kontrollordning der staten fekk patent på omgrepene økologisk, noko som innebar at bønder vart tvinga til å inngå i det statlege systemet for å få lov til å omsetje produkta sine som økologisk?

I denne perioda kom dei problema som seinare skulle vise seg å prege det økologiske miljøet først til uttrykk. Frå 1987 og heilt fram til det siste kan ein spore to retningar i den økologiske organiseringa. Som fylgje av økologilova vart BKU (BrancheKoordineringsUdvalget), seinare ØLC (Økologisk Landscenter), skipa. Dermed hadde Danmark to økologiske interesse-

organisasjonar som representerte to ulike syn i høve til samarbeidet med dei konvensjonelle organisasjonane. Skiljet mellom BKU og LØJ gjekk ikkje på samarbeid eller ikkje, men snarare på kor nært samarbeidet skulle vere. BKU (seinare ØLC) trudde på det dei kalla ei fornuftig utvikling av det økologiske landbruket gjennom dialog med dei konvensjonelle organisasjonane. LØJ på sin side frykta at ei pragmatisk samarbeidslinje ville undergrave grunnlaget for det alternative biletet av røyndomen som låg til grunn for den økologiske røyrsla frå 1970-åra.

Det var først då ØLC, eller dåverande BKU, vart skipa vi fekk ein seriøs debatt om korleis eit eventuelt samarbeid (med dei konvensjonelle organisasjonane) ville påverke det økologiske landbruket (Informantutsegn Ot2).

LØJ prøvde gjennom heile 1980-åra, trass konsulentsamarbeidet, å halde fast på den ideologiske eller kanskje rettare den kritiske linja overfor det konvensjonelle landbruket. Dei "nye" økobøndene, som kom til etter økologilova opna for omleggingsstøtte, var meir fokusert på å få fart på omsetjinga av dei økologiske produkta enn grunnstamma av LØJ medlemmane. Derfor vart også BKU skipa, noko LØJ då var imot. Det er etter mitt syn grunn til å tru at det faktum at økologilova la opp til omleggingsstøtte til økologiske bønder også medførte at økologisk produksjon også vart interessant for nye typar bønder som til forskjell for dei "gamle" økobøndene ikkje var like sterkt forankra i den gamle protestrørska frå 1970-åra. Fordi bransjeoppdelinga i sin grunnde implisitt opererer med spesialisering av produksjon vart BKU ståande som ein motsats til LØJ. Noko som i sin tur medførte at dei nye økologane vart ståande i opposisjon til pionerøkologane i LØJ og deira oppfatning av røyndomen. Dette er grunnlaget for konflikta mellom BKU og LØJ, kva retning skal det økologiske landbruket utvikle seg?

I 1992 vart BKU nedlagt, årsaka til nedlegginga vert særleg grunna i at BKU var hemma av at dei ikkje fekk drive med marknadsretta arbeid så lenge dei var finansiert av statsmidlar. Som følgje av nedlegginga av BKU vart Økologisk Landscenter (ØLC) oppretta. ØLC overtek ein del av BKU sine oppgaver, mellom anna oppererar dei som sekriteriat for nokre av bransjeforeiningane. Elles held dei fram med informasjonsarbeidet og utvidar denne biten til også å femne om koordineringsarbeidet i samband med marknadsføring og sal av økologiske produkt. Det er Torben Stjernholm som er bakmannen for reorganiseringa av dei økologiske bransjelaga. Det er også den same Stjernholm som i 1994 er primus motor bak det "Økologiske toppmøtet" i regi av Landbrugsraadet (LR). Som eit resultat av dette møtet vart kontakta mellom LR og ØLC intensivert og i 1997 vart ØLC tilbydd ein plass i LR som dei takka ja til. Både LR og ØLC grunngjev samarbeidet med eit ønskje om å påverke den økologiske dagsordenen. ØLC kunne på denne måten nytta LR som kanal inn

mot det politiske systemet, særleg Landbruksminesteriet (seinare Fødevareminesteriet).

ØLC gjekk med andre ord inn i samarbeidet med LR i den overtyding om at det kunne påverke det konvensjonelle landbruket i økologisk retning. Dette til forskjell for LØJ som på sin side frykta det motsette, altså at eit slikt samarbeid ville trekke det økologiske landbruk lengre vekk frå grunnlaget for det økologiske landbruket og nærare dei tradisjonelle prinsippa som prega det konvensjonelle landbruket. Dei meinte å sjå at det konvensjonelle landbruket, då særleg DDL, sin interesse i samarbeidet gjekk på å gjere økologien om til ein reiskap for auka profitt for den einskilde bonde. Noko som representerte ei materialistisk orientering som økomiljøet i sin pionertid nettopp hadde vendt ryggen til.

Resultatet vart at LØJ sa frå seg styreposten i ØLC for å signalisere at dei ikkje støtta avgjerda om at ØLC gjekk inn i LR. Samtidig vart LØJ tilbydd styreverv i DDL, men også det takka LØJ nei til. Dette hadde DDL problemer med å forstå, enno i dag uttrykker DDL at det er vanskeleg å sjå motivet som LØJ hadde for å takke nei til styrevervet.

Eg kan ikkje forstå kvifor dei [LØJ] ikkje takka ja til tilbodet frå oss. Det virka som dei hadde angst for oss det å kome i dialog med DDL burde vere ei solid plattform for dei (LØJ) (Informantutsegn Oa1).

Utover på 1990 talet nedtona LØJ kritikken til det konvensjonelle landbruket, dette var grunngjeve i ønskje om å kunne tiltrekke seg nokre av dei som la om i denne perioda.

Dei som la om på 1990 talet var kan ein sei... Venstre bøndene. Derfor var det naudsynt for oss å nedtona det sosialistiske imaget vårt (Informantutsegn Ot2).

Denne nedtoninga var gjort for i det heile å få medlemmar. Den nye typen bønder som gjekk over til økologisk landbruk på 1990 talet hadde generelt sett lite til overs for imaget til pionerøkologane. Informanten min kallar dei Venstre bønder noko som har referanse til det danske partiet Venstre som medlemmane i DDL tradisjonelt har vore svært sympatisk innstilt til.

Etter kvart fekk LØJ fleire medlemmar som var forankra i ein annan type ideologi enn den harde kjerne eller om ein vil, pionerane i organisasjonen. Dei nye økologane oppfatta ikkje seg sjølv som pionerar, men meir som at dei gjekk inn i eit ferdig konsept. Dette gjorde sitt til at også LØJ endra karakter utover på 1990 talet, frå å vere ein organisasjon som kjempa for ei kanskje enno meir

økologisk utvikling av det økologiske landbruket til å verte ein organisasjon som likna meir og meir på ØLC, særleg fordi marknadsfokuset vart meir framtredande også her.

To organisasjonar og to strategiar

På bakgrunn av den historiske utviklinga ser me at LØJ og ØLC har relativt ulik forståing av røyndomen. LØJ representerer på mange måtar dei gamle pionerane og er sterkt forankra i den fyrste grasrotrørsla, og relaterer seg for så vidt enno til det me kan kalle den alternative landbruksproduksjonen og dei verdiane me finn innanfor den. ØLC på sin side representerer på mange måtar ein ny generasjon av økologar som kom til frå slutten av 1980 talet og gjer seg særleg gjeldande utover på 1990 talet. Her er omlegginga til økologisk drift motivert særleg av økonomiske faktorar. Noko som også motiverer for å gå inn i det eksisterande system og strukturar og på den måten prøve å sikre seg påverknadskraft.

Samarbeid –problem eller moglegheit

Kvífor var LØJ så skeptisk til å inngå i eit nært samarbeid med dei konvensjonelle landbruksorganisasjonane? Svartet på dette spørsmålet finn me truleg i LØJ sin oppfatning av dei som gjerne vert omtala som ”dei nye økologane”. Kristian Andersen, tidlegare formann i LØJ, meinat at mange økologar prøver å vere så lite økologiske som mogeleg:

De nye økologer opfatter sig ikke som pionerer. De opfatter det mer, som at de overtake et ferdigt konsept. Men det er det overhovedet ikke. Økologien er altid i evig utvikling mod det, der er bedre. Mange af de første økologer var folk, der virkelig brændte for det. Sådan er det ikke længere (Økologisk Jordbrug, nr 211/2000)

Skiljet, i følgje Andersen, går på at dei nye økologiske bøndene ser på økologien som eit middel for å nå målet om meir lønsam drift. Medan pionerane hadde økologien som eit mål i seg sjølv. Desse to vesensforskjellige syna ville påverke organisasjonen ulikt. Dei nye økologane, for å nytte Andersen sitt uttrykk, ville ha interesse av at regelverk og ideologien i organisasjonen var mest mogeleg stabilt, medan pionerane hadde interesse av at regelverk og ideologi stadig vart perfeksjonert inn mot eit enno meir økologisk økolandbruk. Skiljet går med andre ord på korleis dei ser på økologisk landbruk, ser dei på det som noko som er ferdig definert eller ser dei på det økologiske landbruket som noko som stadig er under definering.

Her er me, etter mitt syn, ved kjernen til problemet. Min påstand er at eit økologisk landbruk som vert sett på som ferdig definert vil uansett verte taparen i høve til det konvensjonelle landbruket. Dette skal eg prøve å forklare ved å bruke Thomas Mathiesen sin modell frå 1971. Mathiesen studerer grasrotrørslar og prosessar der dei anten vert innlemma i eller haldne utanfor det eksisterande politiske system.

Involvering	Ikkje innlemma i det eksisterande politiske system (sjølvstendig)	Innlemma i det eksisterande politiske system (samanvevd)
Bodskapet er		
- under definering	Konkurrerande motsetnader (alternativ rørsle)	Konkurrerande semje
- ferdigdefinert	Ikkje – konkurrerande motsetnader (Utdefinering)	Ikkje – konkurrerande semje (Inndefinering)

Figur 5: Det uferdige og det ferdige sin relasjon til det etablerte politiske system
Kjelde: Mathiesen (1971, s. 14) med enkelte endringar

Mathiesen vil med sin modell vise kva som skjer med ei grasrotrørslle alt etter om den er under definering eller om den vert sett på som ferdigdefinert, samt om den står utanom det politiske systemet eller om den vert innlemma i den alt eksisterande politiske struktur og dermed det dominerande biletet av røyndomen. Om det økologiske landbruket skal kunne framstå som eit reelt alternativ må det, etter Mathiesen sitt syn, vere under kontinuerleg definering og framstå som sjølvstendig og ikkje som ein del av det politiske system. Det økologiske landbruket vil likevel vere utsett for ulike krefter som ønskjer å presse det økologiske landbruket over i ein bås der det kan framstå som ferdigdefinert og etter Mathiesen sin teori også utdefinert og avvist som eit reelt alternativ. Om det økologiske landbruket derimot vel å tilnærma seg det eksisterande politiske system vil det der vere krefter som prøver å veve saman det økologiske landbruket med det konvensjonelle og dermed innlemme det i det konvensjonelle landbruket sit bilete av røyndomen. Det økologiske landbruket vil framleis vere under definering, men defineringa foregår no på det konvensjonelle landbruket sine premissar. Konsekvensen vert at det økologiske landbruket over tid vil ende opp som ferdigdefinert på det konvensjonelle landbruket sine premissar og framstår som eit alternativ som ikkje lenger er i konkurranse med det konvensjonelle landbruket. Det vil med andre ord framstå berre som ei produksjonsform innan det danske landbruket.

Sett frå LØJ sin side, som kan seiast å vere berarane av det ”opphevlege” biletet av røyndomen, var målet å greie å oppretthalde sin posisjon som ein konkurrerande motsats å det konvensjonelle landbruket. På den måten kunne dei greie å framstå som eit reelt alternativ utan å vere definert ut av det politiske system samstundes som dei heller ikkje vart definert inn i det politiske system. Det skulle snart vise seg at dette målet var vanskeleg å nå.

ØLC på sin side valde som sagt å gå inn i tett samarbeid med dei konvensjonelle organisasjonane og etter kvart også som medlemar av Landbrugsraadet. ØLC frykta at heile det økologiske landbruket skulle verte utdefinert.

Fara ved å følgje den vegen LØJ legg opp til, er at heile det økologiske landbruket vert liggjande att i rennesteinane som ein religiøs enklave, inntulla i eigen fanatisme. Framtida ligg nettopp i det å våge å inngå i samarbeid (Informantutsegn Ot3).

For ØLC var det viktig å få aksept frå det konvensjonelle landbruket, einast på den måten kunne ein få sving på marknadsproblema for det økologiske landbruket.

Økologiens Hus 2001 – nytt liv i gamal debatt

To år etter at Økologiens Hus vart skipa, var nye endringar på veg. Økologiens Hus hadde lenge vore kritisert for å vere prega av for mykje prat og for lite handling, særleg var kritikken retta mot dei to styringsgruppene, Fagleg- og Politisk styringsgruppe, som organiserte samarbeidet mellom dei to organisasjonane. I februar 2001 ser det ut til at kritikarane har fått gjennomslag for sine synspunkt, LØJ formann Knud Erik Sørensen uttaler til bladet Økologisk Jordbrug at:

... det gav for mange møder og diskussioner og for lidt handling at have styregrupperne ved siden af de to bestyrelser samt deres respektive og félles forretningsudvalg (Økologisk Jordbrug nr 234; 2001).

Det endelege vedtaket om nedlegginga av dei to utvala skulle fattast på LØJ sin generalforsamling i mars 2001. Likevel kom det fram at den politiske styringsgruppa i praksis alt var lagd ned, medan den faglege styringsgruppa berre skulle skifte namn til ”LØJs regeldannende udvalg”. Dette gav grobotn for ein debatt som hadde eit noko lengre perspektiv. Kva skulle skje med ØLC og

LØJ på lengre sikt? Føreligg det planar om å skipe ein einheitleg organisasjon og slå saman ØLC og LØJ?

Dagen før årsmøtet kom diskusjonen til overflata, Lektor Jan Holm Ingemann provoserte heile forsamlinga ved LØJ og ØLC sin Økoweekend 2001 ved å gje ny luft til debatten om økologisk representasjon i Landbrugsraadet.

Kolleger og deres produktionsmetoder kritiserer man ikke - det er jo jagt på, og fordømmelse af, vennerne - ja, det er jo kritik af hele erhvervet, og af dem man nu sidder til bords med, hvad enten det er i Landbrugsrådet eller i et eller andet direktorat. Nu er man endelig blevet en del af det gode selskab - dermed bliver kritik også noget, der rammer en selv. (Jan Holm Ingemann, Tale på Økoweekend 2001/LØJs generalforsamling 4. mars 2001)

I diskusjonen som følgde etter Ingemann sitt innlegg kom fleire av veteranane fram med, om mogeleg, enno kvassare innlegg til debatten. LØJs mangeårige leiar Henrik Kloppenborg kritiserte ØLC for å sete ved ”mahognibordet på Axelborg⁸”:

Det var bedre, hvis Henrik Refsgaard [formann for ØLC] lagde sin energi i Økologiens Hus, og vi lavede et økologisk landbrugsråd, som så kunne være inspirator for Landbrugsraadet. De resurcer, vi bruger i Landbrugsraadet, mangler vi i Økologiens Hus (Henrik Kloppenborg til Økologisk Jordbrug nr 237; 2001).

Denne uttalinga ber nok preg av at Kloppenborg alt i 1998 bar på planar om å etablere eit økologisk landbruksråd. Derfor var det neppe tilfeldig at Landbrugsraadet samtidig tilbaud ØLC ein plass ved sitt store bord på Axelborg. Kloppenborg uttalar vidare at han ser føre seg at ØLC må ta avskjed med Landbrugsraadet om det skal verte aktuelt med ei samling av ØLC og LØJ (Økologisk Jordbrug nr.237; 2001).

ØLC sin fyrste formann Torben Stjernholm vil likevel ikkje ta retrett på dei meiningane han hadde då ØLC vedtok å gå inn i Landbrugsraadet. Heller ikkje Henrik Refsgaard som sit som formann i 2001 vil vere med på at ØLC sin deltaking i Landbrugsraadet kan ha visse ulempar. Tvert om brukar han dei same argumenta for deltaking som Stjernholm nytta då dei gjekk inn i Landbrugsraadet. Det er ingen ting som tyder på at ØLC vil trekke seg ut av Landbrugsraadet sjølv om det skulle gå mot ei samanslåing av dei økologiske organisasjonane. Det viser seg også etterkvart at ØLC sitt medlemskap i

⁸ Landbrugsraadet har sine kontor på Axelborg i København.

Landbrugsraadet faktisk ikkje vert debattert så mykje framover som ein kunne tru like etter generalforsamlinga den 4. mars 2001.

Fyrst i september 2001 føreligg ”Oplæg til ny organisation” utarbeida av bransjeforeiningsrepresentantar, ØLC og representantar frå LØJ. Om det går som dei to organisasjonane og bransjeforeiningane ønskjer seg vil både ØLC og LØJ fusjonere på neste generalforsamling i mars 2002. Men LØJ medlemmane har overraska før, og det er framleis knytt ein del uvisse til utfallet av generalforsamlinga. Sjølv om det frå LØJ sentralt er vilje til å inngå i ein fusjon med ØLC står framleis spørsmålet om deltaking i Landbrugsraadet utan svar. Vil LØJ medlemmane atter ta opp den gamle striden eller er inntrykket av at denne debatten nå har stilna litt av representativt for LØJ medlemane? Eit anna spørsmål som ein ventar debatt om på LØJs generalforsamling er spørsmålet om ein kan fusjonere LØJ utan å fyrst legge ned organisasjonen? Nedlegging av LØJ vil i følgje vedtekten måtte ta minst to år.

Kreativ konflikt - den danske suksessfaktor

Som me ser av denne framstillinga har det danske økologiske landbruket kontinuerleg drøfta forholdet sitt til det konvensjonelle landbruket. I det siste har ein atter pusta nytt liv i denne debatten og nett no set mange spent å ventar på utfallet av LØJs generalforsamling i mars 2002. Truleg vil utfallet av ei eventuell fusjonering av ØLC og LØJ medføre endringar i høve til relasjonen til det konvensjonelle landbruket.

Det store spørsmålet er uansett kva det økologiske landbruket legg til grunn for sin eigen eksistens. Vil ein reformere landbruket? Vil ein revolusjonere det? Eller vil ein utvikle si eiga nisje? Om ein les LØJ og IFOAM sine målsetjingar er det liten tvil om at det endelege målet er at alt landbruk skal vere økologisk. Korleis har så LØJ lykkast med sine mål? Studerer ein den danske dagspressa finn ein at det økologiske landbruket har lykkast i å setje dagsordenen for den danske landbruksdebatten. I over halvparten av avisoppslag om landbruk er økologisk landbruk nemnt, som oftast i positive vendingar (Michelsen, Lynggaard, Padel and Foster 2001). Dei få negative oppslaga forsterkar snarare inntrykket av at økologi ikkje er til å kome utanom. Måler ein derimot talet på omlagde gardsbruk ser ikkje biletet like fint ut for det økologiske landbruket. Det er langt att før ein når den same prosentdelen der som i den offentlege debatten. Det er i dag omlag 7 prosent av det danske arealet som er omlagt til økologisk drift, det er med andre ord langt att til det LØJs endelege mål om 100 prosent. Målt i prosent av heimemarknaden er Danmark eineståande i verda,

fleire av produkta har nærmere 25 prosent av heimemarknaden medan dei fleste produkta ligg på omlag 10 prosent.

Likevel er neppe realiseringa av den endelege visjonen like om hjørnet. Til det er det for stor økologiskekspsis hjå dei konvensjonelle bøndene. I tillegg er det også ein relativt stor skepsis til det ambisiøse 100 prosent målet hjå dei økologiske bøndene. Faktisk viser det seg at av LØJ sine overordna mål er det generelt stor oppslutnad om alt anna enn nett målet om at heile det danske landbruk skal verte økologisk (Michelsen i Økologisk Jordbrug nr 238; 2001).

Dei økologiske bøndene sin relativt pragmatiske haldning til veksten avspeglar seg også i samarbeidet med dei generelle organisasjonane i landbruket (DF og DDL). Forholdet til DF og DDL er prega av samarbeid samtidig som ein har greidd å halde på det økologiske landbruket sin integritet. Dette er på mange måtar også eineståande for Danmark, ingen andre land, verken i Europa eller andre delar av verda, kan vise til dei same resultata (Michelsen, Lynggaard, Padel and Foster 2001). Dansk økologi står sterkt både innanfor og utanfor dei generelle organisasjonane i landbruket. Økologien står også sterkt innanfor det danske landbruksamyrket og dei ulike private foredlingsverksemndene innan landbruket. Også dei danske detaljistane har teke til seg det økologiske landbruket med opne armar, særleg etter siste halvdel av 90 talet. Politisk er det særleg Det Økologiske Fødevarerådet som kan forklare den tydelege gjennomslagskrafta som økologien har fått. Fødevarerådet har vist seg å vere godt i skikka til å koordinere på tvers av marknad, politikk og landbruksorganisasjonane. Til saman gjer dette sitt til at det danske økologiske landbruket kan seiast å ha fått noko som nærast liknar optimale utviklingsmoglegheiter.

I rapporten "Organic farming development and agriculture institutions in Europe: A study of six countries" (Michelsen, Lynggaard, Padel and Foster 2001) vert det påvist at i land som Storbritannia og Belgia, begge med lange tradisjonar for økologisk landbruk, vert det økologiske landbruket meir eller mindre openlyst motarbeidd av dei generelle landbruksorganisasjonane. Dette har ført til at det økologiske landbruket har utvikla seg seint her. I andre land, mellom anna Austerrike, ser ein at økologien vert motteke med opne armar av dei generelle landbruksorganisasjonane. Noko som i sin tur har medført at tilgangen til offentleg støtte har vorte lettare, men likevel oppstod det problem. Både foredlingsindustrien og detaljistleddet mangla interesse for å utvikle marknaden for økologiske varer. Paradoksalt nok kan ein seie at det økologiske landbruket i Austerrike nærast vart kvelt av det konvensjonelle landbruket. Enno verre var det i Tyskland der ein fyrst no i det siste har freista å bygge ut salskanalane. Rapporten konkluderer med at det økologiske landbruket i Storbritannia og Belgia har vore møtt med ein så hard konkurranse frå det konvensjonelle landbruket at utviklingsmoglegheita åt det økologiske landbruket

har blitt sterkt svekkja. I Austerrike og Tyskland derimot har samarbeidet vore så gjennomgåande at det økologiske landbruket har hatt store vanskar med å oppretthalde sin eigen identitet.

I høve til dei andre europeiske landa står Danmark i ein mellomposisjon. Her har det økologiske landbruket greidd å halde på og utvikle sin eigen sjølvstendige identitet samstundes som ein har utvikla samarbeidet med dei konvensjonelle landbruksorganisasjonane. Me har sett i framstillinga i denne rapporten at den danske historia har vore full av konfliktstoff, trass det har ein til forskjell frå dei andre europeiske landa greidd å balansere på knivsodden mellom konflikt og samarbeid.

Litteraturliste

Bager, Torben & Søgaard, Villy (1994); *Landmanden og miljøet - holdninger og adfærd belyst ved en spørgeskemaundersøgelse*. Sydjysk Universitetsforlag; Esbjerg; 1994

Buksti, Jacob A. (1974); *Et enigt landbrug?*; Universitetsforlaget i Aarhus; Århus; 1974

Buksti, Jacob A. (1980); "Udviklingen i landbrugets organisationsforhold 1972-79" i; Buksti, Jacob A. (red); *Organisationer under forandring - Studier i organisationssystemet i Danmark*. Forlaget Politica; Århus; 1980

Christensen, Jens (1998); *Alternativer - natur – landbrug*. Akademisk Forlag; København; 1998

Daugbjerg, Carsten (1999); "Landbrugspolitik: Stabilitet eller forandring?"; i Jens Blom-Hansen & Carsten Daugbjerg (red) (1999); *Magtens organisering - Stat og interesseorganisationer i Danmark*. Forlaget Systime; Århus; 1999

De Danske Landboforeninger; Beretning 1987; København; 1987

Donati, Paolo (1996); *Environmentalism, Postmaterialism and Anxiety - The New Politics of Individualism*. European University Institute Working Paper No. 96/10; San Domenico; 1996

Grenstad, Gunnar & Selle, Per (1995); *Cultural theory, Postmaterialism and environmental attitudes*. LOS senteret; Bergen; 1995

Gundelach, Peter (1988); *Sociale bevægelser og samfundsændringer*. Politica; Århus, 1988

Haue, Harry & Olsen, Jørgen & Aarup-Kristensen, Jørn (1983); *Det ny Danmark 1890-1980*. Munksgaard; 1983

Ingemann, Jan Holm (1991); *Den organisatoriske udvikling i dansk landbrug 1880-1980*. Aalborg Universitetscenter; 1991

Ingemann, Jan Holm (1997); *Forestillingen om det effektive landbrug - på sporet af dansk landbrugs strukturudvikling (arbejdspapirer)*. Institut for Økonomi, Politik og Forvaltning ved Aalborg Universitet; 1997

Ingemann, Jan Holm (1999); *Beslutningsprincipper og institutionelle perspektiver*. Institut for Økonomi, Politik og forvaltning, Aalborg Universitet; Aalborg: 1999

Ingemann, Jan Holm (2001): Tale på Økoweekend 2001/LØJs generalforsamling 4. mars 2001

Landbrugsmagasinet (Gitt ut av De danske Husmandsforeninger/Dansk Familielandbrug): nr. 38; 1986 - nr. 40; 1986 - nr. 26; 1999

Landbrugsraadet; Arbejdsområde og organisation; 1999

Lanng, Henry Damsgaard (2001); *Samarbejde mellem økologisk og konventionelt landbrug i Danmark*. Studieenhedsprojekt fra Aalborg Universitet, Aalborg; 2001

Mathiesen, Thomas (1971); *Det uferdige - Bidrag til politisk aktionsteori*. Pax Forlag; Oslo; 1971

Michelsen, Johannes, Kenet Lynggaard, Susan Padel and Carolyn Foster (2001); *Organic farming development and agriculture institutions in Europe: A study of six countries*. Organic Farming in Europe: Economics and Policy vol. 9. Stuttgart; Universität Hohenheim; 2001.

Schumacher, E. F. (1973); *Vækst eller velfærd - Økonomisk udvikling med mennesket i centrum - "Small is Beautiful"*; Gyldendal; 1973

Scott, W. Richard (1998); *Organizations - Rational, Natural and Open Systems*. Prentice Hall; Stanford University; 1998

Tersbøl, Michael (1995); ”Økologisk landbrug”. i Lübeck, Poul (red.) (1995); *Miljøet, markedet og velfærdsstaten*. Fremad/Arbejderbevægelsens Internationale Forum; København; 1995

Økologisk Jordbrug (Gitt ut av Landsforeningen Økologisk Jordbrug): nr. 211; 2000 - nr. 234; 2001 - nr. 237; 2001 - nr. 238; 2001.

Appendiks

Liste over informantar

Til grunn for denne rapporten ligg intervju med 21 personar. 11 av desse personane kan seiast å vere sentrale i den danske økodiskursen. Medan 10 av intervjeta har vore gjort med tilfeldige bønder som eg har besøkt på min reise gjennom Danmark.

Kodene som står framom 8 av desse personane vil lesaren finne att i informantutsegnene brukt i rapportteksta.

By1	Kontorsjef i Direktoratet for FødevareErhverv
--	Konsulent Landbrugsraadet
Fo1	Samfunnsforskar som arbeider innan feltet økologisk landbruk
Oa1	Fullmektig i Landboforeningene (DDL)
Oa2	Tilsett i Dansk Familielandbrug (DF)
Oa3	Tilsett i Landsforeningen Økologisk Jordbrug (LØJ)
Ot1	Tillitsvald i De Danske Landboforeninger (DDL)
Ot2	Tillitsvald i Landsforeningen Økologisk Jordbrug (LØJ)
Ot3	Tillitsvald i Økologisk Landscenter (ØLC)
--	Tidligere Formann i Økologisk Landscenter (ØLC)
--	Tidligere Formann i Landsforeningen Økologisk Jordbrug (LØJ)
--	Konvensjonell bonde Jylland. Mjølk, Storfekjøtt
--	Konvensjonell bonde, Jylland. Grønnsaker, Frukt
--	Konvensjonell bonde, Sjælland. Korn, Storfekjøt
--	Konvensjonell bonde, Fyn. Gris, Korn.
--	Konvensjonelle bonde planlegger omlegging til økologisk drift, Fyn. Mjølk, Storfekjøt, Grønnsaker
--	Økologisk bonde, Sjælland. Korn, Høns, Storfekjøt, Gris
--	Økologisk bonde, Jylland. Mjølk, Grønnsaker
--	Økologisk / biodynamisk bonde, Jylland. Mjølk, i tillegg til ein elles svært variert produksjon
--	Økologisk bonde, Jylland. Frukt, Grønnsaker, Mjølk
--	Tidligere Økologisk nå konvensjonell bonde, Jylland. Mjølk, Korn ?

